



Torsdag f.k. vert det arrangert ein heftig aketur i Ulvanåso.

DNT Ung Kvinnherad lokkar med vårens mest morosame eventyr den 18.juni. Då arrangerer dei nemleg rompeakebrett-tur i Ulvanåso. Den vert avslutta med ein heftig aketur frå Geitadalstind på meir enn ein kilometer samtundes som deltakarane kan nyta den vakraste utsikten som tenkjast kan! Turstart er ved kalkestasjonen kl.17.

- Sjølv om ake-sesongen er over i låglandet, er det framleis snø igjen i fjella, så kva med å byta ut akebakken utanfor huset med ei fjellsida på over 1 km, med fantastisk utsikt? Vi går frå Uskedalen mot toppen av Geitadalstind med rumpeakebrett festa på sekken. På toppen tek vi fram brettet og gjer oss klare for «tidenes» aketur, skriv mellom anna DNT Ung Kvinnherad i presentasjonen av hendinga på facebook.

Oppmøte er altså kl 17:00 den 18.juni på parkeringsplassen ved kalkestasjonen i Uskedalen. Dersom nokon treng hjelp til transport, kan dei kontakta Magnus Eide - 94821773. Han kan også svara på andre spørsmål om turen.

- Frå kalkestasjonen set vi kursen rolig opp mot toppen og legg inn fleire pausar på veg opp. På toppen nyter vi utsikten, før vi gjer oss klare til ein heftig aketur ned den flotte fjellsida, heiter det vidare i presentasjonen av turen.

Dei reknar med å vera tilbake ved kalkestasjonen rundt kl. 21:00/21:30, muligens litt før.

Utstyr til turen er lett matpakke, kle etter veret, og sjølv sagt rumpeakebrett.

Med dei vermeldingane som er utover i veka skulle vi tru at turen vil bli eit minne for livet!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Frå DNT Ung Kvinnherad si facebook-side